

Referat FAU-møte

måndag 09.02.2026, Bygstad skule - møterom 2. etg.

FAU møte 18:00-20:00

Tilstades: Stian Neset, Jeanette Haugsbø, Hilde Marie Solheim, Ole Magnus Mo, Håvard Korsvoll og Ingeborg Grinde

Sakliste FAU

1. Økonomigjennomgang - uteområde

- Det er kome tilbod frå Trigonor. Vi såg litt på dette på møtet, Ingeborg setter opp samanlikning med tilbod frå Søve, så tek FAU dette opp igjen på neste møte. Kort oppsummert manglar vi ca 50 000,- for å finansiere leikestativ, 6-kant huske og fuglerede.
- Ingeborg sender søknad om bingo-inntekt (då må FAU skffe rigge-rydde gjeng) til Dag Tore Skilbrei.
- Ingeborg sjekker om vi kan sende søknad til Enivest

2. Brakkerigg Sande skule og gangveg inn til BIF. Skilt må på plass raskt!

- Rektor Stian plasserte ut skilt FAU har kjøpt inn på dagtid 06.02.26. Det er ikkje mogeleg å feste dette fast i bakken no med snø/frost. Skiltet står stødig og godt synleg. Sjølv om skiltet er kome opp, køyrer fortsatt dei fleste bilar rett forbi og vidare inn til BIF. FAU og Stian jobbar vidare med å få ut informasjon kommunen kan dele vidare til idrettslag/brukarar. Vi ber om hjelp frå SU-kontakt Anne Lilleaasen med hjelp til å få ordna og hengt opp informasjonsplakatar ved inngangane til BIF.

3. Hytte i skogen

- vart 09.02. flytta av Ole Magnus Mo og Nils Arve Styve til ynskt plassering vest for skulen på asfalt. FANTASTISK at dette er fiksa. Ole Magnus styrer vidare fiksing, og held kontakten direkte med rektor.

4. 17. mai – forslag til nye tider og tilpasningar med tekstil/musikksal som er stengt?

- Skulen tilpassar slik at musikkrommet kan nyttast 17. mai (dette blir i vår eit klasserom for Sande-elevar :) Tekstilrom vil ikkje kunne nyttast til matservering 17. mai. Ingeborg informerer matnemnd og rigge/ryddegjeng.
- Bygstad Brass/skulemusikk kan nytte klasserom til 6. eller 7. trinn. Dette avtalar dei med programnemnd/skulen når dagen nærmar seg.
- Sande har ynskjer om å gjere om på program dei endra i fjor. Kræsj med høglytt bilkortasje og gudsteneste. Dei har spurt om Bygstad, og neste år Viksdalen, kan utsette sitt program med gudstenestestart klokka 12 og programstart skulen kl. 13. FAU ynskjer ikkje dette. Det har dei siste åra vore gjort ein stor innsats for å endre program slik fleirtalet av føresette på skulen ynskjer.
- FAU avgjorde at vi kan dele ut 1 bong i kiosk og 1 bong til pølse til musikantar og aspirantar i Bygstad skulemusikk

5. Mot mobbing luer

- FAU har kjøpt inn garn for 1500,- (akkurat!). Nok stikkarar i Bygstad og på Sande har meldt seg og vi er i gang med utdeling av garn og oppskrifter.

Solveig og Ole Magnus er på stegfesten til 1-4, og deler ut luene til årets 1.klassingar. Jeanette sender Solveig tekst som var brukt på 25-års festen i fjor. Stegfest er i veke 17. Ingeborg sikrar at det er nok luer. 2 elevar med lanolin-allergi, luer til dei er på plass.

6. Evt. - "Smarttelefonfri barndom", Jeanette informerer

- Retningslinjer utarbeidd av arbeidsgruppa på Sande og Bygstad er no vedtekne. Retningslinjene er laga som informasjon til voksne. Like etter vinterferien blir det trykt opp brosjyrer som blir sendt med heim frå skulen til alle elevar ved Bygstad og Sande skule. Kontaktlærarar/skulen vil gå gjennom dette i kvart klassetrinn, 1.-7. Skulen er "på ballen" slik at det blir gitt samstemt informasjon til alle trinna og sikrar at det blir lik oppfatting av reglane. Rektorar Bygstad/Sande vil på førehand informere i Visma ut til alle føresette at skulen setter i gang arbeid på skulen. Jeanette sender utkast til Stina no, slik at skulen kan starte arbeidet med å gå gjennom retningslinjene.

Referat fellesdel SU/FAU møte

1. Rektor Stian informerer om elevundersøkingar, nasjonale prøver og tiltak/anna no når 1.-4. trinn Sande skule kjem til Bygstad skule

- Elevrådsleiar er ikkje kalla inn til møtet, Stian/skulen informerer desse elevane på skulen. Legger inn til neste år at elevrådet blir spurt før SU-møte 2027 om dei har innspel til møtet.
- Stian informerte om resultat frå kartleggingane ved skulen gjort i haust, som blir fulgt opp no etter nyttår med oppfølging og status på tiltak som er sett igang.
- Nasjonale prøvar 5. trinn viser gode resultat. Ser progresjon over fleire år. Godt resultat både i Sunnfjord og nasjonalt. Fortsatt skulen sitt mål å ha færrest mogeleg elevar på nivå 1.
- Elevundersøkinga i 7.trinn (Conexus-undersøking er gjennomført for 5. og 6. trinn). Spørsmåla blir nøye gått gjennom med elevane før undersøkinga, og skulen oppklarar også etterpå om det kjem resultat tilsette stussar på. Scorer svært bra på mobbing, her har også skulen 0-visjon.
- Suksessfaktorane er mange. Samansveisa kollegie. Gode analyser i kollegiet, setter raskt inn riktige tiltak og fleksibelt læringsmiljø med tilpassing av bruk av lærings- og assistent-ressursar og godt samarbeid skule-heim. Det blir ofte peika på at Bygstad er ein liten skule, og at dette i seg sjølv er ein fordel. Dette er ikkje ei "kvilepute" då få elevar også vil seie at kvar elev har færre å spele på og trivast saman med.
- Bygstad skule har hatt ok ressursar, ressurstildeling skal gjennomgåast etter vinterferien. Skulen er bydd på endringar i forhold til i dag.
- SFO har no god kapasitet på rom etter endringar som blei gjort litt tilbake i tid.